



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1739 - 17/16577

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
24.08.2017

Godkjenning - utslepp av frå bustadhus på eigedomen gbnr 10/42 Holme

Administrativt vedtak. Saknr: 229/2017

Saksutgreiing:

Der er i søknad, journalført motteke 21.07.17 og supplerande dokumentasjon journalført motteke 14.08.17, søkt om utslepp frå nytt bustadhus på eigedomen gbnr 10/42. Utsleppet skal gå via ein 4 m³ slamavskiljar og derfrå i tett leidning fram til eksisterande avlaupsleidning som er etablert frå eigedomen gbnr 10/31 som går til sjø, slik motteke situasjonskart, dagsett 08.08.2017, syner. Det ligg føre avtale frå eigar av gbnr 10/41 som gjev eigedomen gbnr 10/42 rett til å leggje avlaupsleidningen over privat grunn. Vidare ligg det føre avtale frå eigar av gbnr 10/100 som sikrar eigedomen gbnr 10/42 rett til å leggje leidning over privat grunn og til å knyte seg til eksisterande avlaupsleidning som kjem frå gbnr 10/31 som går til sjø.

Vurdering:

Nabovarsel:

Utsleppet vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve for oppføring av bustaden. Det ligg ikkje føre merknader til utsleppet.

Plan:

Det var gjeve dispensasjon frå plankrav for oppføring av bustaden i sak DNT.299/2016.

Plassering:

Anlegget skal plasserast i samsvar med situasjonskart dagsett 08.08.2017.

Naudsynte grunneigarerklæringar ligg føre.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Utsleppsstaden ligg i eit mindre følsamt område og utsleppsløysinga det er søkt om er etter administrasjonen si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Ettersom terrenget er svært bratt og lite tilgjengeleg ned mot tilkoplingspunktet til eksisterande leidning, bør leidningen leggjast så skånsomt som mogeleg og tildekkast slik at den ikkje tek skade eller vert synleg frå sjøsida.

Administrasjonen har elles ingen merknader og Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve på vanlege vilkår for slike utslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Det må påreknast at eigedomen må koplast til offentleg avlaupsanlegg når dette vert utbygd i området.

Der er erklært ansvarsrett for tiltaket i samband med søknad om igangsettingsløyve for bustadhuset.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utsleppsløyve for eit nytt bustadhus på eigedomen gbnr 10/42 i samsvar med søknad journalført motteke 21.07.17 og supplerande dokumentasjon journalført motteke 14.08.17 og på følgjande vilkår:

- Avlaupet skal gå via 4m3 slamavskiljar av godkjend type.
- Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning til eksisterande avlaupsleidning frå gbnr 10/31.
- Slamavskiljaren skal plasserast slik at den kan tømmast med slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.
- Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.
- Eigedomen skal betale slangebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl §23-3»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan

Kopi til:

Arkitekt Mette Kyed Thorson Kvalen 5955
Eirin Moldøy og Trond Vegard Skjold Holmeknappen 29 5918

LINDÅS
FREKHAUG

Mottakere:

Lindås Rør & Sanitær AS Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ